

Alarmplan, Seljord symjehall, pr. desember 2019

1. Den som oppdagar at ein elev er i fare eller får mistanke om at ein elev kan vere i fare, må ta leiinga og umiddelbart igangsette rednings- eller avklaringsaksjon.
2. Sikre situasjonen. Gi beskjed til dei andre som har tilsyn om å sikre situasjonen. Dei andre som har tilsyn skal vite hva dette inneber i forhold til den aktuelle situasjonen og staden dei er på. Sikring kan innebere m.a. at alle elevane skal på land, og at dei skal samlast på eit sikkert område.
3. Få oversikt og vel sikraste, raskaste og mest realistiske redning. Å få eleven på land er fyrste prioritet. Om nødvendig følg opp med livreddande førstehjelp.
4. Få oversikt og om nødvendig ringe nødtelefon. Dersom situasjonen er uavklart, det vil seie at ein snakkar om ein mogleg farleg situasjon, må ein gi ein "føreBELS melding", og alle held seg til dei meldingar som blir gitt.
5. Driv på med HLR (Hjarte – lunge-redning) til hjelpen/ambulansespersonell har overteke eller eleven har livna til.
6. Sørg for at ein person er klar til å ta imot hjelpen når den kjem og vise raskaste veg til ulykkesstaden.
7. Den som har leia redningsaksjonen, bør følgje med i ambulansen. Ein av dei andre som har tilsyn, varslar rektor som er den som skal varsle foreldra.
8. Dei ansvarlege for timen skriv rapport om ulykka.

Treng du hjelp frå ambulanse/helsepersonell – ring **AMK 113**.